

Instruks for Valnemnda

Vedtatt av Årsmøtet i Norsk Sau og Geit 14. mars 2019

Instruks for Valnemnda i Norsk Sau og Geit(NSG)

I Norsk Sau og Geits lover § 24 står det skrevet:

«Årsmøtet vel ei valnemnd på 5 medlemmer med personlege varamedlemar for 2 år.

Samansetjinga skal ta omsyn til geografisk fordeling; nord, midt, vest, sør og aust.

Medlem med vara frå regionane aust og nord veljast i partals år og medlem med vara frå regionane sør, vest og midt veljast i oddetalsår.

Årsmøtet vel to av medlemmane i valnemnda til leiar og nestleiar.

Valnemnda skal framfor kvart årsmøte gjere framlegg til alle val (bortsett frå valnemnd).

Valnemnda sitt framlegg skal vere ferdig seinast 4 veker før årsmøtet.

Leiar eller nestleiar i valnemnda skal leggja fram innstillinga frå valnemnda for årsmøtet.»

Valnemndas arbeidsoppgåver:

1. Leiaren har ansvaret for innkalling til møter i Valnemnda. Sekretariatet i NSG står til disposisjon i den utstrekning Valnemnda ynskjer det.
2. Valnemnda skal sende ut oversikt til fylkeslaga over kva for tillitsverv som er på val under Årsmøtet. Den tillitsvalte må skrifteleg si ifrå seg val/attval til Valnemndas leiar innan fastsett frist.
3. Alle medlemmer og fylkeslaga, kan fremme forslag til tillitsvalte. Valnemnda skal berre ta omsyn til forslag der det klart kjem frem kven som er forslagsstillar. Valnemnda kan sjølv ta kontakt med kandidatar.
4. Valnemnda skal skaffe fram opplysningar om relevant kompetanse hjå dei føreslagne kandidatane. Valnemnda skal, på beste vis, legge eit heilskapleg syn til grunn for sitt arbeid.
5. Dersom eit medlem frå Valnemnda vert foreslått til tillitsverv skal vedkommande ikkje delta i det vidare arbeidet i nemnda. Alternativt framlegg nemnda ein samla oversikt over alle framsette forslag på valbare kandidatar.
6. Valnemndas forslag sendes fylkesleiarar og fylkessekretærar seinast 14 dagar før val. Valnemnda kan endre sitt forslag dersom omstende tilseier dette, da med orientering til fylkesleiar og fylkessekretær.
7. Det skal føres egen valnemndprotokoll.
8. Ved usemje i Valnemnda skal dette framkomme av forslaget med stemmetal og kven av Valnemnda sine medlemmar som støttar dei ulike kandidatane.
9. Valnemnda kan berre foreslå kandidatar som har sagt seg villig til å ta val.

Instruks for Valnemnda

Vedtatt av Årsmøtet i Norsk Sau og Geit 14. mars 2019

10. Valnemnda presenterer kandidatane på Årsmøtet i NSG.

11. Valnemnda har teieplikt om personlege opplysningar som dei får, eller innhentar i samband med sitt arbeid.

12. Utgifter med Valnemndas arbeid dekkast av NSG. Det føres eige rekneskap for Valnemndas utgifter.

13. Alle Valnemndas medlemar møter på årsmøte, og har talerett i Årsmøtet under behandlinga av saker som Valnemnda gjev innstilling i. Valnemnda bør også være til stades på siste styremøtet før årsmøte. Leiar, eller ein annan i Valnemnda skal delta på representantskapsmøta i NSG.